

# KYRKJEBLADE

FOR  
DAVIK

Nr. 150

Kjem ut  
4 gonger årleg

Mars 1945

Utgjør og redaktør:  
**Prost R. J. Slaattelid**  
Davik

16. årg.

## Forvandling.

Engang lå livet og verden  
i bare sol for mitt blikk.

Men hørte jeg korset nevne,  
en sky for solen gikk.

No tykkes meg gråværskygget  
all menneskefryd på jord,  
og solen stråler imot meg  
alene fra korsets ord.

Men dog ble korset og verden  
de samme fra før til nu.  
Så underlig alt forvandles  
når hjertet får annen hu.

Thordur Thomasson.

## Bønn for Norge.

Allmektige Gud, som vil at alle mennesker skal ha  
det godt og leve et rikt og lykkelig liv: Vi ber at Du  
vil se i nåde til Norges land og folk.

Vi har syndet mot Deg og ikke vandret etter Din  
hellige lov. Derfor er straffen kommet over oss. Tilgi  
oss for Jesu skyld!

Vekk oss opp ved Din hellige Ånd, så vi kan vende  
om til Deg og begynne et nytt liv i guds frykt og ly-  
dighet. Hjelp oss først å søke Guds rike og Din  
rettferdighet, så Du kan gi oss alle de andre gode  
ting i tilgift.

Hjelp oss til helhjertet å bøye oss inn under Din  
vilje, og erkjenne Kristus som vår eneste frelser og  
herre. La Ditt ord være lykten for vår fot og lyset  
på vår veg.

La oss påny få se vårt kjære fedreland frelst og fritt,  
og når Du igjen gir oss frihet og selvstyre, løs oss da  
å bruke disse goder på en sådan måte, at Norge må  
 bli en god heim for alle som bor her.

Gi oss rettsindige og dyktige tjenere i stat og kom-  
mune, og å stå sammen med dem i arbeidet for en  
ærlig og effektiv administrasjon i alt vårt offent-  
lige liv.

Hjelp oss til å na fram til en sunn økonomisk basis  
for vårt folk, og gi oss framgang i alt værlig og God  
velbehagelig arbeid. Hjelp oss til folket gagn å ut-  
nytte alle de naturlige rikdommer og hjelpekilder som  
Du har gitt oss i hav og land.

Hjelp oss å lære av de mange feil vi før har gjort.  
La ikke arbeidsløshetens skamplott og klassekampens  
sorbannelse lenger få skjemme og forgjfe vårt sam-  
funnsliv.

Frels oss fra alt syndig partivesen også innenfor de  
kristnes leir, og foren oss i et sant og fruktbart bror-  
skap. Forek vår tro og begeistring, når det gjelder  
arbeidet for å bringe Guds rike inn i alle norske  
heimer og videre ut over all jorden.

«Lær oss å skue med Ditt blikk hvert folk som liv  
og grenser fikk», så vi må forunnes den nåde av Deg  
å få virke i fredens og folkeforsoningens tjeneste.

Vi overgir oss selv og vårt norske folk i Din  
Faderhånd!

I Jesu navn. Amen.

(Buddhistmisjonen).

## Guds mølle.

Guds mølle maler. Kanonenes torden, flyenes rov-  
dyrkjede snerren, sirenernes hylen, høytalernes brøen  
overdøver den. Men dypt under all denne infernalske  
larm hører du i stille stunder en jevn, rolig, ved-  
holdende dur, som fra kvernen som maler på havsens  
bunn. Det er Guds mølle som maler.

Guds mølle maler langsomt. Å, så langsomt. Den  
har malt slik i årtier, i århundrer, i årtusener. Der er  
noe ubønnhørlig ved denne langsomhet. Slektre lever  
og lider og synker i grav. Kulturer blomstrer og  
visner. Bevegelser skyter hastig fram og går likeså  
hastig tilbake. Riker oppstår og går til grunne. Menn  
leger en kort stund sin sterke hånd på tidens hjul.  
Men hjulet går stadig videre. Alt har sin tid og sin  
time. Bare Guds mølle maler tidløst. Dens jevne  
lavmælte dur spotter tidens larm. Dens utrolige lang-  
somhet spotter menneskenes hastverk.

Guds mølle maler sikkert. Å, så sikkert. Det har vi  
mennesker vanskelig å forstå. For vi ser bare det  
ørilige segmentet av liv, som er omkring oss. Når  
døgnets begivenheter tar fart, når tidsutviklingen blir  
som en rivende strøm, straks taper vi overblikket,  
straks mistiler vi om tingenes mening. — Livet  
synes formålslost, framtiden usikker, hensikten med  
det hele ubegripelig. — I slike tider er det godt  
å vite at det er Guds mølle som maler. Det er  
Guds mølle som maler midt i begivenhetenes strøm,  
ja like til skummet på overflaten. Og selv om vi  
hverken kan se eller forstå det, så er dog intet sikrere  
enn at alt har sin mening. Guds mølle maler aldri  
feil. Den maler aldri med tomme steiner.

### Det forsømte nådemiddel.

Den hellige skrift forteller oss klart og tydelig at et menneske ikke kan frelse seg selv. Skal en komme i samfunn med den levende Gud, må det skje ved uforskyldt nåde. Og skal et menneske kunne bevares i dette samfunnet og vokse sin vekst som kristen, må det også skje ved Guds nåde alene.

Gud gjør altså en nådens gjerning i hver menneskjel som slipper ham til. Men denne sin gjerning har Gud knyttet til bestemte nådemidler. Det er Ordet og de to hellige handlinger Freiseren selv innstiftet: Dåpen og nattverden. Hvert menneske som ønsker å stå i nåden og leve som en kristen, må bruke nådens midler. Uten det kan en ikke vente det skal gå godt med kristenlivet.

Med dåpen er det greiest. Den foretas en gang. Men den skulde likevel bety noe i vårt daglige liv både i lyse og mørke stunder, så vi kunde hente kraft fra den i bønn og ettertanke. Ordet og nattverden skal vi ta imot mange ganger. Her er det uten tvil greiest med Ordet. Men mange kristne synder når det gjelder nattverden.

For det er en synd ikke å bruke de nådemidlene som Gud i sin kjærlighet har gitt oss til styrke og oppbyggelse for vår sjel på vejen gjennom en syndig verden. Hver sondag når kirkens nattverdbord står dekket og Jesus Kristus er til stede i sitt legeme og blod for å gi styrke til vandringens moye, sitter mange bekjennende kristne nede i benkene som tilskuere.

Motivene til dette kan være så forskjellige. Noen har betenkelskter fordi nattverdbordet ikke er «rent». De glemmer at i den første nattverdkretsen var det blant annet en Peter som straks etter bante på at han ikke kjente ham som han foraktelig kalte «det mennesket». Andre har mistet frimodigheten, det er kommet noe i veggen. Da har vi Jesu eget råd om å gå og forlike oss med vår bror og så komme fram for hans alter. Og Gud vil også forlike seg med den som kommer til ham med det som er kommet i veggen. Nattverden er jo heller ikke bare for de sterke i troen, men også for de bekymrede og svake.

Likevel sitter de fleste igjen i benkene av andre grunner. En gikk sist det var altergang. En pleier å gå et bestemt antall ganger for året. Kanskje er det mange altergjester, så det vil trekke for lenge ut om det blir fler. Eller det er så få at det vekker for mye oppsikt om en gar fram. Satan forsyner en alltid med unnskyldninger nok.

Hva er det et kristent menneske gjør når han av slike grunner holder seg borte fra Herrens maitid? Jo, han trumper Guds nåde under fot. Han forteller i virkeligheten Gud at han ikke har bruk for så mye av de summene Jesus vant da hans legeme ble brutt i døden og hans blod utgydt på korset. Ubevisst gjør et slikt menneske seg større enn det er. For ingen av oss er kommet så langt på veggen og lever et så seirende kristenliv at vi har råd til å unnvære noe av den nåde Gud vil gi oss. Enten vi er klar over det eller ei, er det en hovmodssynd å sitte som tilskuer foran Herrens dekkede nattverdbord.

Ikke så sjeldent hender det at en kristen som holder på å sloves bort, slutter å gå til alters. Det er et av de første symptomene, og en vil gjerne si at han er blitt borte fra nattverdbordet fordi det er noe i veggen

med hans kristenliv. Det er oftest riktig. Men det er alltid like så riktig at det begynte å gå galt med kristenlivet hans fordi han holdt seg borte fra dette nådemidlet.

Det kan ikke være tvil om at nattverden er et forsømt nådemiddel både for den enkelte kristne og for hele menigheter. Hvor mye umistelig nåde fra Gud er ikke tapt av ved å sitte som tilskuer! Nåden trenger vi alle for å bevares og for å vokse. La oss be om tilgivelse for at vi har forsømt hans nattverd og er blitt skyldig i Jesu legeme og blod! Og la oss neste gang i takknemlig tro og lydighet følge Jesu innbydelse: «Gjør dette!» Siden går vi til Herrens nattverdbord så ofte vi har høve til det.

Johan B. Rian i Kristlig Ukeblad.



### Våre døde.

19. nov.: Rasmine Kristensdtr. Isane, kårenkje, f. 1861.
24. nov.: Lars Pedersson Lefdal, g. gbr., f. 1871.
2. nov.: Anne Marie Rasmusdtr. Rimstad, kona til Gutterm Rimstad; f. 1869.
6. des.: Ingeborg Sakariasdtr. Lillehauge, kona til Anton Lillehauge; f. 1891.
21. des.: Ragnhild Rasmusdtr. Hessevik, ug. pensjoneri lærarinne; f. 1857.
30. des.: Anders Rasmusson Bortneskår, g. kårmann; f. 1863.
9. jan.: Eline Ingebrigtsdtr. Nygård, kårenkje; f. 1866.
16. jan.: Ivar Iversson Furnes, ug. fiskar; f. 1922.
20. jan.: Malene Jørgensdtr. Dombestein, kona til Jørgen Dombestein; f. 1860.
15. febr.: Malene Jonsdtr. Lund, kårenkje; f. 1874.

*Syn meg din kross når ango mine brest,  
lys meg til himmels når det myrknar mest.*

### Notisar.

Tidlegare ordførar Lars P. Lefdal døydde 24. november. Her i kyrkjebladet er det på sin plass å minnast at han alltid syntet den største velvilje og interesse for kyrkjelege tiltak her i Davik. Når Davik-kyrkja fekk det vakre orgelet sitt, er det han å takka meir enn nokon annan. Når kapellet i Kjølsdal vart bygt nett i rette tid før krigen kom, var det fyrst og framst fordi han med sin vanlege energi dreiv arbeidet fram. Også elles hjelpte han alltid til i slike saker, og eg takkar han av hjarta for godt samarbeid i 20 år. — Signa vere minnet hans.

Døypte: 19. nov. Olav Bjarne, f. 6. okt. av f. Ole Rasmusson Myklebust og k. Berte Steffensdtr. (f. Myklebust). — S. d. Solveig Grete, f. 21. aug. av f. Anders Andreasson Vik og k. Olga Larsdtr. (f. Midthjell). — 20. nov. Olaug Arna, f. 21. sept. av f. Ingvald Olsson Leite og k. Bergit Olsdtr. (f. Hatlegjerde). — 3. des. Era Johanna, f. 16. okt. av f. Martin Olson Gilleshamer og k. Elida Eilertsdr. (f. Byrknes). — 10. des. Karl Rudolf, f. 18. okt. av f. Martinus Andersson Mjånes og k. Ingrid (f. Hansen). — S. d. Annfinn Jarl, f. 17. okt. av f. Ragnvald Pedersson Krakevik og k. Jakobine Jakobsdtr. (f. Utvær). — S. d. Anny Gyda.

f. 5. nov. av f. Gustav Kristoffersson Hunskår og k. Olga Pedersdtr. (f. Kjørsvik). — 1. jan. *Ragnar Hans*, f. 18. nov. av f. Anders Rasmusson Rørvik og k. Magnhild Gustavsdtr. (f. Ervik). — 7. jan. *Margit Johanne*, f. 8. des. av f. Olav Johansson Lofnes og k. Ingeborg Martinusdtr. (f. Leirgulen). — 4. febr. *Villy Roald*, f. 26. okt. av f. Kristian Kristiansson Heggelund og k. Petra Matiasdtr. (f. Bortne).

**Døypenamn.** I 1944 vart døypt 82 born frå Davik. Av dei fekk 66 norske namn: Olav (4), Inge (2), Trygve, Asbjørn, Norvald, Sigurd, Oddbjørn, Arvid (3), Harald (3), Jon (2), Magnus, Magne (2), Roar, Hjalmar, Sverre, Leiv (2), Sveinung, Karl, Annfinn, Geir, Joar, Tor, Jofinn, Per (2), Atle, Kari, Ragnhild (5), Liv (2), Solveig, Inger, Hjørdis, Solbjørg, Ragna, Helga, Jorunn, Rønnaug (= Rannveig), Turid, Kjellaug, Oddrun, Olaug, Dagrun, Oddny, Åse, Ingeborg (2), — 16 fekk utanlandske namn: Albert (2; tysk), Ove (dansk), Kristian (latinsk: Christianus), Mary (engelsk av Maria), Lillian (engelsk), Rigmor (dansk?), Anne (2; bibelsk), Anny (engelsk av Anna), Dina (bibelsk), Maria (2; bibelsk), Brita (av keltisk Brigida), Agnes (latinsk), Eva (bibelsk).

#### Norske namn for norske born.

**Ektevigde:** 13. jan. Leif Johansson Frimannslund og Ragna Olavsdtr. Frøystad, Breim. — 27. jan. Kristofer Karlsson Brandsøy, Kinn, og Anna Rasmusdtr. Sundal.

**Dødsfall** må straks meldast til lensmannen. Det er ulovleg å taka opp ei grav, før det er gjort.

**Attestar** frå presten kostar vanlegvis 1 kr. Når ein tingar ein attest skrifflag bør ein med det same senda betalinga i frimerke + 20 øre til porto. Vigselsattestar for nygifte er gratis.

**Ojringer.** Til dei evakuerte frå Nord-Noreg: 24. des. i Alfot kr. 179.75; 25. des. i Davik kr. 219.65; 26. des. i Rugsund kr. 101.50.

#### Kyrkjeleg statistikk for 1944:

	Davik	Rugs.	Alfot	Tils.
Døypte .....	18	33	6	57
Konfirmerte .....	8	23	0	31
Ektevigde .....	4	15	1	20
Borgarleg gifte .....	5	3	1	9
Jordfesta .....	13	20	5	33

For 100 år sidan. Vi gde: 30. mars 1845 Ole Monsen Ytre Isene, 24 år, og Anne Tostensdtr. Førde, 32 år. — 13. mai Ellevsen Thorem, 46 år, og Malene Samsonsdr. Sandvig, 42 år. — 18. mai Christen Augustinussen Rugsund, 23 år, og Samueline Abelsdtr. Lofnæs, 26 år. — 13. juni Peder Christensen Busteid, 25½ år, og Oline Larsdtr. Ytre-Davig, 22½ år. — S. d. Lars Pedersen Davignæs, 42 år, og Christi Andersdtr. Davignæs, 34 år. — 15. juni Christen Samuelsen Krabbesti, 20 år, og Kari Olsdtr. Ramsevig, 33 år. — S. d. Steffen Martinsen Svorren, enkjemann, 42 år, og Rakel Jonsdtr. Veddevig, 29 år. — 24. juni Hans Olsen Vingelven, 21 år, og Anna Eriksdtr. Bolstad, 33 år. — 24. juni Christian Christiansen Vingen, 25 år, og Anna Andersdtr. Vingen, 24 år. — 15. juni Claus Sørensen Fagerlid, 26 år, og Anna Axelsdtr. Ytre Totland, 26 år. — 24. juni Anders Abelsen Møklebust, 28 år, og Oline Noesdtr. Domestoen, 30 år.

S. d. Ole Pedersen Lefdal, 20 år, og Brithe Antonsdtr. Aasene, 21 år. — S. d. Knud Andersen Indre-Davig, 20 år, og Anna Pedersdtr. Ravnefjeld, 26 år. — S. d. Rasmus Jonsen Sundal, 30 år, og Brithe Bergesdtr. Rexnæs, 25 år. — Døde: 2. april Christen Jørgensen Møklebust, 44 år. — 17. juni Abel Rasmussen Ytre Isene, 38 år (død af Bernekoppene).

**Kontingent**, motteken fyre 1. januar: Karl K. Sigdestad, Henrik Daviknes 6 kr. — Johanne Hamre, Marta Endal, Hans R. Hamre, Hans H. Hamre, lærar Auvoll, Kristofer Midtbø 5 kr. — Marta Isene 2 kr. — Helga Lien 2.50. — S. Etterdal, Hans Bakke 3. — Martin P. Sigdestad 4.50. — Martinus Høiland 4. — Per A. Kjøllesdal 10. — Henrik Førde 15. — Tilsaman 86 kroner.

Hjarteleg takk til alle. — Rekneskap for 1944 kjem i neste nr. Likeeins kvittering for det som er motteke etter nytår.

#### Gudstenester:

1. påskedag.	1. april:	Davik.
2. —	2. » :	Alfot.
1. s. etter påske	8. » :	Berle.
2. —	15. » :	Totland.
3. —	22. » :	Kjølsdal.
4. —	29. » :	Rugsund.
5. —	6. mai :	Davik.
Kristi himmelf.dag	10. » :	Alfot.
6. s. etter påske	13. » :	Totland.
1. pinsedag,	20. » :	Davik.
2. —	21. » :	Rugsund.
Treeinings sund.	27. » :	Kjølsdal.
1. s. etter treein.	3. juni :	Rugsund.
2. —	10. » :	Alfot.
3. —	17. » :	Davik.
4. —	24. » :	Rugsund.
5. —	1. juli :	Totland.

#### Den kristne moral.

(Etter biskop Charles Gore).

##### I.

Dette er vegen, gå på den.

Es. 30, 21.

«Dette er vegen, gå på den.» Bibelen, det Gamle og det Nye testamente, lærer oss Vegen, korleis menneska skulde leva. I gamaltestamentleg tid hadde jødane gjort seg like med grannefolka sine. Dei elskaa religionen, dei elskaa gudstenestene og høgtidene med brennande ihug. Men dei hadde slege inn på same vegen som heidningfolka gjekk på, og skilt religionen frå moralen, den moral som trengst i det kvardagslege livet: godhug, rettferd og reinleik. — Og så kom profetane for å læra dei Vegen: at religionen ikkje har noko verd utan den er uttrykk for viljen til å leva rett. Sjølvsagt fører dette med seg ei lære om Gud. Det er jo sanning, fordi Guds eigen karakter er æveleg rettferd, sanning og, godelek, og det er umogelek å vera i samfunn med Gud utan å leggja vinn på kjærleik og ferdast audmjukt med vår Gud.» (Mika 6, 8). Det er opphavet og enden, det er Vegen.

Og då Israels religion atter var på avvegar, kom vår Herre Jesus Kristus, og han lærde atter menneskja Vegen. Det er uråd å nekta at det var ein vanskeleg veg. Den stod imot alt det som menneskja helst har hug til, det som dei er vande med, det som dei likar og sökjer si moro i, deira lyster, deira ville hat og fiendskap. »Trong er porten, og smal er vegen.« Herren syntes strika endå meir under, kor streng Gud er. Men likevel, så fager ein ting er fullkommen godleik, og så fælslege er fylgjene av synda, at Herren sa: »Mitt åk er godt, og mi byrd er lett,« det vil seia: for dei som tek det på seg med ein god vilje, eit godt hjarta og eit godt mod. Det er eit stort vågestykke som krev stort mod, men det fører fram, nett liksom det motsette er tilfelle der sanselyst og sjølvhug og synd råder. Tenk på dei beiske orda å William Shakespeare i dei veldige sonnetten om sanselyst:

*Alt dette verda veit, men ingen veit  
å sky den himmel som til helvet' fører.*

Det største mistak som kyrkja nokonsinne har gjort — etter og etter i si soga — er å løyna for dei unge og for menneskja i det heile, at kristenlivet er ingen lett ting. Det er ikkje noko sjølvsagt, noko som eit menneske er med på, berre fordi han lever i eit kristent land, og som han ikkje kan koma ifrå utan ved eit stort og skammeleg fall frå det som sørmer seg for eit skikkelegt menneske og ein heidersmann. Det er mest uråd å leggja for stor vekt på kor vanleg denne misforståing har vore, for den har hovudskulda for alle våre mishøve. Nei, det kristne livet er ein vagsam veg, ein vanskeleg veg, ein veg som krev mod.

Når vi ransakar oss sjølve, vil vi gjerne festa oss ved den eller den feil som vi kjenner at vi har, eller vi ser ei eller onnor dygd hjå ein annan, og den ynskjer vi å etterlikna. Men vi har ofte ikkje i tankane våre noko klårt bilet av kva det kristne livet er, når vi ser det under eitt og fullstendig. Dei er eit slikt bilet som eg ynskjer å setja fram for dykk. Eg vil sjølvsagt prova å vera praktisk. Ingen kan preika rett om »Vegen« utan å ta det praktisk. Likevel må det og vera plass for det teoretiske. Dersom du brått vart spurd: »Kva er det kristne livet? Kva er kristendom?«, så vilde du kanskje finna det vanskeleg å gjeva eit svar. Likevel treng vi til å ha i vår hug eit levande bilet av denne vanskelege herlege ting — det kristne livet, og kva det har på seg for den einskilde og for samfunnet. Det er dette eg her freistar å gjeva.

2. Det andre som eg i denne innledninga vil halda fram er dette: Bibelen er ei bok om ein veldig framvokster. Den har gjeve verda utviklingslæra. Guds vogar er gradvis. Bibelen er forteljinga om ei gradvis oppseding for eit universelt mål og arbeid. Gud tek dette underlege folket, Israel, som skulde vere hans utvalde reidskap til å føra den sanne religion inn i verda, — dette folket som var så opprørsk, sa hardnakka, men på same tid så utruleg fasthaldande på dei idear som det eingong hadde vorte knytt til — Gud tek dette folket i eit svært tidleg, halvbarbarisk tilstand, og han trærar og oppseda-

det for det fullkomne livet, ved sine profetar, prestar, styrarar, kongar. Vi har soga om dei einskilde stig i denne oppseding i Bibelen. Den byrjar med svært elementære lekser. Den har si rot i dei ti boda, desse korte, kvasse forbod: »Du skal ikkje, du skal ikkje, du skal ikkje.«

Når vi no byrjar å tenkja over Vegen, legg då merke til den plass som det positive og det negative, påbod og forbod, har i den moralske opplæring. Ingen kan tvila på at negativ moral er ein fatigsleg moral. Men ingen kan seia at moralen i dei Gamle testamente er ein heilt negativ moral, for om du tek fyre deg gudstrua i Salmane, eller dei herlege syner hjå profetane, eller livsvisdomen i Ordtøka eller den apokryfiske Visdomsboka, så er det uråd å nekta at her vert sett fram eit stort positivt ideal. Likevel må vi aldri gløyma at det byrja med forbod. »Du skal ikkje.« Og i 2. Mosebok er Guds pakt med Israel nøgje knytt til dei ti boda. Den er grunnlagt på dei. Når dei store profetane tek til med si forkynning — det vil seia: når vi får fast historisk grunn under føtene, så vi kjenner til hendingar og tilhøve — kviler læra deira på desse store forbod som sin grunnvoll. Dei er, så å seia, den grove muren som gjerder inne det jordstykke som skal vera den hagen der det fullkomne livet skal veksa, guddomlegt og fagert. Men denne muren må vera der, denne strenge utesengjing fyreåt av dei ting som ikkje skal vera.

Sjelelæra held fram mange ting om oppsedinga, og den går ut frå den tanken at rett oppseding må byggja på dei naturlege hugdrag og gåver i dei ymse aldrar hjå dei som skal oppsedast. Born skal lærest opp til å elska godleik og gudstru, liksom dei vilde elskar fuglar og tre og blomar og alt som er vakker og godt. Ein gut er full av kraft, og han dyrkar gjerne heltar, og han skal opplærast til i Jesus Kristus, vår Herre, å sjå den store helten, og til å elska det veldige og vågsame i Jesu store sak. Der er noko sant i dette. Den oppseding som ikkje gjev mod og vägehug, er eit vonbrot. Men ein kan ikkje lesa nyare bøker om oppseding utan å leggja merke til, at dei gjerne talar nedsetjande om alt som er negativt og forbydande. Det er eit leidt drag i menneskenatura at den alltid vil gå frå den eine overdriving til den andre, og når den gjer eit framstig, har den lett for, som eit tilbakeslag, å stengja ute noko som er viktig og godt, og såleis når den ikkje det rette målet. Eg er viss på at ein gjer det i dette høve. Livet — livet med Gud, det fullkomne liv — er grunnlaget på otten for Gud. Han er forferdeleg, fordi han er rettferdig. Og difor er det slik, at der kan ikkje vera nokor sunn oppseding, som ikkje har i seg ein etterklang av desse veldige forboda: »Du skal ikkje.« Vi må høyra toredynet av Guds røyst. Vi må kjenna at alt det hogste som vi lengtar etter, er som ein hage som er avgrensa av desse skrämelege murane, at der er ting som ikkje skal vera til, og som ikkje bør tolast. Såleis står frå fyrst av, ved grunnvollen til heile det åndelege livet, dei ti boda: »Du skal ikkje, du skal ikkje.«